

VS: 19/1025-1 Innspel til RTP - ønske om endring for fv 542 Eikefjord sentrum - rv5/Kvalvik

Fra: Ole Ingar Hagen Hæreid

Sendt: onsdag 15. mai 2019 12:30

Til: 'Espeset Anders' <Anders.Espeset@flora.kommune.no>

Kopi: Dina Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>

Emne: SV: 19/1025-1 Innspel til RTP - ønske om endring for fv 542 Eikefjord sentrum - rv5/Kvalvik

Prioriteringane i RTP er vedtekne av fylkestinget under fylkestinget si handsaming av RTP i desember 2017. Det er kunn fylkestinget som kan endre på sine prioriteringar. Etter vår vurdering vil det ikkje vere aktuelt å fremje sak for fylkestinget for å endre på prioriteringane no. Vi tek med oss Dykkar innspel i arbeidet med ein Regional transportplan for Vestland fylkeskommune. Dette arbeidet vil starte opp i løpet av 2020/21.

Fra: Espeset Anders <Anders.Espeset@flora.kommune.no>

Sendt: onsdag 15. mai 2019 10:39

Kopi: Ole Ingar Hagen Hæreid <Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no>

Emne: 19/1025-1 Innspel til RTP - ønske om endring for fv 542 Eikefjord sentrum - rv5/Kvalvik

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref. Dykkar ref.      Dato:

19/1025-1//ANES

15.05.2019

Innspel til RTP - ønske om endring for fv 542 Eikefjord sentrum - rv5/Kvalvik

Flora kommune ønsker at fv 542 Eikefjord sentrum-Hovland skal bytte plass med Michael Sarsgate på RTP si marginalliste over gang/sykkelvegar.

Bakgrunn:

Etter eit møte med Svenn Egil Finden i Statens vegvesen og Dina Lefdal i S&F fylkeskommune med fleire i Eikefjord 8.mai, der vi diskuterte fv 542, vart vi gjort kjent med at Fylkeskommunen har oppfatta det som at av gang- og sykkelveganlegg så har vi har prioritert Michael Sarsgate framfor fv542 Eikefjord sentrum-Hovland.

Når vi leitar fram vårt tidlegare innsendte innspel (sendt 04.10.17), så ser vi at innspelet kan framstå forvirrende. Vi har delt innspelet og prioriteringane inn i fleire kategoriar. Det er særleg det at vi har klassifisert gang/sykkelvegprosjekt innanfor nedslagsfeltet for sykkelbyavtalen i ein kategori og gang/sykkelvegprosjekt utanfor sykkelbyavtalen i ein kategori.

Etter faglege råd vart våre politikarar då fortalt at prioriteringar innanfor og utanfor sykkelbyavtalen skulle skje uavhengig av kvarandre og prioritering av desse i RTP vart gjort tilsvarende uavhengig av kvarandre, altså at dei to prioriteringane var likeverdige. Nedslagsfeltet for sykkelbyavtalen er Florø by med Brandsøysundet som indre grense i aust.

Vårt innspel til prioritering såg den gong slik ut:

Gang/sykkelveganlegg innanfor nedslagsfeltet for sykkelbyen:

-Prioritet 1 fv 548 Brandsøy-Solheim. Denne har fylkeskommunen bevilga 25 mill til og regulering og prosjektering er igangsett av Statens vegvesen.

-Prioritet 2 Michael Sarsgate. Denne ligg no som nr. 4 på RTP si prioriterte marginalliste over gang/sykkelvegar.

Gang/sykkelveganlegg som ligg utanfor sykkelbyavtalen:

Prioritet 1 Fv 542 Eikefjord sentrum-Hovland. Denne var ikkje kome inn på lista i utgangspunktet. Men etter mykje jobbing opp mot fylkesadministrasjon og –politikk kom den inn på 6. plass på marginallista.

Fylkeskommunen seier no ganske klart at prioritering til RTP for prosjekt innanfor og utanfor sykkelbyavtalen ikkje skjer uavhengig av kvarandre. Resultatet er i alle fall at dei to øverste prioriteringane innanfor sykkelbyavtalen-området kom med på lista, medan fv542 ikkje gjorde det.

No er det viktig å presiserer at Flora kommune er svært godt fornøgd med at våre innspel er blitt høyrde og at fv 548 Brandsøy-Solheim har fått midlar og at arbeid er starta her.

Men det var absolutt ikkje intensjonen at Michael Sarsgate skulle prioriterast framfor fv 542 i Eikefjord. Denne vegstrekninga har ei vond forhistorie med fleire alvorlege ulukker og med tidlegare reguleringsplan der oreigningsfristen på 10 år gjekk ut utan oppstart. Kommunen prioriterte å sette av ressursar til ny regulering. Denne starta i 2016 og vart vedtatt i 2018. Slik sett har intensjonen politisk i Flora vore å prioritere denne før fv 548 og i alle fall før Michael Sarsgate.

Prosjektet er overmodent. Her er fleire infrastrukturtiltak som kan løysast samtidig og bidra til eit spleiselag, med både ny planlagt låg- og høgspenlinje (SFE) og nye kommunale VA-anlegg. Det er stor vilje i alle leirar til å få dette prosjektet til.

Oppsummert:

Flora kommune ønsker at fv 542 Eikefjord sentrum-Hovland skal bytte plass med Michael Sarsgate på RTP si marginalliste.

Med helsing

Anders Espeset

plansjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur